



Optimistiske framfor eit nytt skuleår: Rektor Vidar Haugland og lærar Odd Steinar Arnesen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir truleg 99 elevar ved skulen i Uskedalen i skuleåret som startar torsdag kl. 8.20 for alle med unntak av førsteklasingane, som startar klokka 9.35. I siste skuleåret var talet 96.



Britt Arnesen har takka for seg ved skulen og dette biletet vart teke under avskjedsfesten for henne på Vertshuset i juni. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I komande skuleår blir det ein elev frå India (som kom i mai) og truleg også ein frå Polen, opplysar rektor Vidar Haugland.

I personalstaben er det ingen endringar med unntak av at ein veteran er borte: Britt Arnesen takka for seg i juni.

Sjølv har Haugland runda 62 og hans plan er å halda fram i tre år til slik at han går av når han blir 65.

Lærarane har to planleggingsdager, så for dei starta det nye skuleåret allereie tysdag.

- Det skjer ingen revolusjon her og det bør det heller ikkje gjera, sa rektor Vidar Haugland då han presenterte verksemdsplanen for det nye skuleåret for uskedalen.no.

- Men timeplanen er endra litt?

- Det er skjedd ein justering av den nye timeplanen som vart innført i fjor. Då starta alle på likt og slutta på likt, men no er det gjort ei endring slik at dei fire første klassane sluttar klokka 12.05 på onsdagane. Endringa er først og fremst gjort fordi det vart for mykje vakter for personalet. Timetalet er auka med 75 minutter for dei fire klassane. No får ikkje elevane dei lange friminutta..

- Kva med den etterlengta utbetringa av skulen?

- Her er det ikkje noko nytt, og det vil neppe skje noko i mi tid. Vi står framleis på fjerdeplassen på prioritetslista. Rosendal ungdomsskule er forståeleg nok prioritert framfor oss, seier rektor Haugland..


Når det gjeld skulefritidsordninga er det søkt plass for 18 barn og alle dei som har søkt plass på morgon- eller ettermiddagstilbodet har fått plass.

I FAU er ikkje alle representantane valde enno, men det vil skje på dei første klasseforeldremøta.

Uskedalen Oppvekstsenter har søkt fylkesmannen om løyve til å ha eit forenkla samarbeidsutval, felles for barnehagen og skulen, men har enno ikkje fått noko svar.

Frå aktivitetsplanen for det nye skuleåret tar vi med at 2003-elevane skal skrivast inn 15. september, at haustferien er i veke 41, at det blir fjelldag 3. oktober, at siste skuledag før jul er 19. desember og starten etter nyttår 5. januar, at vinterferien er i veke 10, at det er vintersportsdag 13. mars, at påskeferien er frå 3. til 14. april, at det er idrettsdag på Heio 29. mai og at siste skuledag er 19. juni.

Av Ola Matti Mathisen



Lærer Svein Sunde har no vore ved skulen i Uskedalen i 37 år. (Foto: Ola Matti Mathisen)